



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Vår dato: 15.12.2023

Vår ref.: 202303828-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2023/206-43

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE sine merknader - Høyring av framlegg til planprogram - Detaljreguleringsplan for fv. 49 Nordrepollen-Austrepollen - PlanID 20230001- Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 01.11.2023. Saka gjeld høyring av framlegg til planprogram for arbeidet med detaljreguleringsplan for fv. 49 Nordrepollen – Austrepollen. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for å få på plass ein tunell for å trygge trafikantane på strekninga og sikre vegen mot skred.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Omtale av NVE sitt innspel manglar i planprogrammet

NVE sende innspel til planarbeidet i brev datert 30.03.2023. I planprogrammet kapittel 2.2 er det gjort greie for kven som har gjeve innspel. Vi saknar at NVE er nemnd i oversikten. For ordens skuld legg vi ved innspelet vårt.

Trong for utgreiingar

I vårt innspel til planarbeidet gjorde vi greie for kva omsyn vi meiner de må ta i planarbeidet. For å ta desse omsyna er det naudsynt å vurdere konsekvensar, og gjennomføre ein ROS analyse. Det er uklart for oss om dei utgreiingane som er naudsynt er fanga opp i planprogrammet. Vi gjer greie for desse her, og overlét til dykk å avgjere om planprogrammet fangar oppgåvene opp i tilstrekkeleg grad. I tillegg til det vi konkretiserer her viser vi til vårt brev datert 30.03.2023



Inngrep i vassdrag

Planen og konsekvensutgreiinga må gi ei god skildring av alle inngrep i vassdrag. De må gjere greie for allmenne interesser i vassdraget, og korleis vassdragstiltaket/inngrepet påverkar dei allmenne interessene. Avbøtande tiltak må konkretiserast og innarbeidast i dei juridisk bindande plandokumenta.

Flaumfare

Dersom tiltak i planen rører ved aktsemdområde for flaumfare er det naudsynt å utarbeide flaumsonkart. Dersom tiltak/terrengendringar rører ved flaumsona må det dokumenterast at dei ikkje fører til auka flaum og erosjonsfare for tilstøytande areal. Jf. krava i [Byggteknisk forskrift \(TEK17\) § 7-1](#), 2. ledd.

Områdeskred av kvikkleire

Planområdet ligg under marin grense. De må vurdere fare for områdeskred av kvikkleire i samband med planarbeidet. Vi rår dykk til å nytte prosedyren i kapittel 3.2 i NVE rettleiar 1/2019 « Sikkerhet mot kvikkleireskred»

Reell naturfare må avklarast for heile planområdet

I den grad reguleringsplanen regulerer andre utbyggingsføremål utanfor sjølve veglina så må reell skredfare avklarast også for desse. Areal som ikkje stettar byggteknisk forskrift kapittel 7 sine tryggleikskrav må de markere i plankartet med omsynssone Fareområde. Til omsynssonene må de knyte føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

KVINNHHERAD KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND